



Odda i 1908, same året som produksjonen starta ved karbid- og cyanamidfabrikken.

TURISTSTADEN

Pionerturistane i 1830–40 åra sette fart i turismen til fjord- og fjellandet Noreg. På den tid var Odda ein bortgøymd idyll i botnen av Sørfjorden: garden og kyrkja på den grønne odden ved fjorden. Men då dampskipsferdsla opna fjordlandskapet for turismen, vart Odda sokn i Søndre Bergenhus Amt på få år midtpunktet for reiselivet på Vestlandet. Turismen, som sesongarbeid og attåtinntekt, vart ei ny inntektskjelde for bygdefolket. Denne høgkonjunkturen i reiselivet varte fram til utbrotet av verdskrigen i 1914. I 1904 hadde Odda 83 anløp av utanlandske turistskip; i alt 12 000 turistar kom sjøvegen. Reiselivet skaut for alvor

fart då ruta mellom Newcastle og Bergen opna i 1890. I desse åra utvikla tettstaden Odda seg raskt og vart godt utrusta med hotell: «Hotel Hardanger», «Grand Hotel», «Hotel Odda», «Hotel Folgefonn», «Hotel Låtefoss» og «Buer Hotel». Eit nytt «Hotel Hardanger» vart opna i 1896, etter at det gamle brann ned. Det var ein av dei største trebygningane i Noreg; prydd med treskurd av LARS KINSARVIK og veggmåleri av NILS BERGSLIEN. Seinare, frå 1917, var dette hotellet rådhus i Odda i mange år, til det vart rive i 1977. Både engelskmenn og tyskarar sette sitt preg på turistmiljøet i Odda desse åra; dei siste i kjølvatnet, bokstaveleg tala, av keisar WILHELM II og «Hohenzollern», som var årvis gjest i Hardanger frå 1889–1914.

Strandstaden Odda talde i år 1900 27 bustadhus og 285 personar: hotellvertar, handelsmenn, handverkarar og skyssarar. Alle aldersgrupper tok del i turistnæringa. Amtmannen i Søndre Bergenhus Amt skriv i 1905 at det ikkje finst nokon statistikk som viser kva turistferdsla har å seia for distriktet, men det dreiar seg om store summer. □



«Smeltedigelen». Ein av omnane ved smelteverket.

INDUSTRISTADEN

I 1908 stod den nye kraftstasjonen i Tyssefaldene ferdig. A/S Tyssefaldene leverte kraft til karbid- og cyanamidfabrikken som vart bygd i Odda. Det varsla ei ny tid. Krigsutbrotet i 1914 jaga utlendingane heim frå ferie. Verdskrigen hindra dei i å koma att på nokre år. I mellomtida vart Odda industrialisert. Skjeggedalsfossen, eitt av dei store trekkplaster for reiselivet, vart lagd i røy. Karbidfabrikken var den gongen utan reinseanlegg, og det sette sitt preg på miljøet. Hotella byrja å merka nedgangen i trafikken, og reisehandbøkene registrerte:

«Odda er malerisk, men skjemmes av Fabrikvirksomhed, som har betat Landskapet al dets Charme».

Hotelleigarane saksøkte karbidfabrikken for «Ulæmpe og Verdiforringelse ved Stank og Røk». Ein hotelleigar fekk medhald frå retten, og då dei andre hotelleigarane vann erstatningssaka først på 1920-talet, var fabrikkane konkurs. Opninga av Bergensbana i 1909 var ei anna årsak til at straumen av reisande no gjekk utanom Odda. Turiststaden var vorten industristad. I dag er også Odda Smelteverk historie og ein mogleg kandidat til UNESCO's verdsarv.

Odda kring hundreårsskiftet, med det andre Hotel Hardanger, bygd i 1896.

